



ÅRSBUDSJETT 2020 OG ØKONOMIPLAN 2020-2023

Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Arbeidsmiljøutvalet	033/19	19.11.2019
Senior- og Brukarrådet	046/19	25.11.2019
Administrasjonsutvalet	012/19	26.11.2019
Utval for levekår	016/19	27.11.2019
Utval for lokal utvikling	013/19	28.11.2019
Time formannskap	097/19	03.12.2019
Time kommunestyre	085/19	17.12.2019

Framlegg til vedtak:

1. *Kommunestyret godkjenner framlegg til årsbudsjett for 2020 og økonomiplan for 2020-2023.*
2. *Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjetttrammer for netto driftsutgifter per tenestegruppe og investeringsbudsjettet i 2020.*
3. *Skatt på inntekt og formue vert sett i samsvar med det høgste skatteøyret som Stortinget vedtek.*
4. *Kommunestyret godkjenner framlegg til ny stillingsramme:*

Time kommune	31.12.2019	Nye	Redusert	31.12.2020
Oppvekst	569,9	7,3	-15,6	561,6
Omsorg	388,2	15,2	-6,0	397,4
Samfunn	176,2	2,0	-12,1	166,1
Stabstenester	63,4	0,6	-10,0	54,0
Arsverk i alt	1 197,7	25,1	-43,7	1 179,1

5. *Kommunestyret godkjenner framlegg til gebyrsatsar og satsar for brukarbetaling som kjem fram av vedlegget «Prisar 2020».*
6. a) *Kommunestyret godkjenner at det vert tatt opp lån på 138,2 millionar kroner i 2020. Avdragstida vert sett til 30 år.*

b) *Rådmannen får fullmakt til å ta opp startlån i Den Norske Stats Husbank til vidare utlån innanfor ei ramme på 25 millionar kroner for 2020. Lånet skal betalast tilbake over 30 år etter gjeldande vilkår.*
7. a) *Premieavviket for kommunen sine pensjonsordningar i 2020 vert sett av til disposisjonsfond.*

b) Amortisert premieavvik for 2019 vert utgiftsført i 2020 og dekt av disposisjonsfondet.

8. Kommunestyret ber rådmannen leggja fram ei sak første halvår 2020 der han utreidar innføring av eigedomsskatt.
9. Time kommune skal stå fram som ein trygg og framtidsretta kommune. Service, innovasjon og engasjement skal prega organisasjonen slik at kommunen kan tilby tenester med rett kvalitet innanfor trygge økonomiske rammer.

Arbeidsmiljøutvalet

Utdanningsforbundet: Det er mykje harme blant tilsette rundt forslaget om å flytta ein barnehage. Utdanningsforbundet får mange spørsmål om kva som er lagt til grunn for vurderingane av føreslåtte tiltak. Det er ei bekymring i organisasjonen om kva for andre barnehagar eller skular som vil kunne stå i same situasjon på eit senere tidspunkt.

Oppfordrer til gode prosesser i tilknytning til Flyktingtenesten.

Svar kommunalsjef oppvekst: Ein er nøydd til å koma ned på drift for å finansiera utgifter kommunen har. Bemanninga i barnehagen som er føreslått flytta, vil vera den same. Alle kommunalområda måtte sjå på moglege innsparingar. Valget av Lyefjell omhandlar at det var den minste barnehagen vi har, og den ligg i eit område kor det er ein annan barnehage som har kapasitet. I dei 3 einingane som er omtalte i økonomiplanen, har me vore ute på staden og gitt grundig informasjon. Me vil, ut frå innhaldet i vedtak når det vert fatta, nytta dei retningslinjene vi har for å sikra gode prosesser.

Svar stadfortreder for rådmann: den betydelig reduserte andelen barn i barnehagealder medfører krav til effektiv lokasjonsutnyttelse. Den same utfordringa vil ramma skulane i åra som kjem. Ny skulebruksplan er førestående, og desse vurderingane vil høyra naturleg heime her. Vedtaket som blir fatta i kommunestyret vert lagt inn i skule- og barnehagebruksplanane. Det kan godt vera at vi må lufte/vurdere andre tiltak i tillegg.

Kommentar frå bedriftshelsetenesta: AMU bør vera opptatt av at det blir gode prosesser for dei som blir berørte når det blir slike store omstillingar.

Kommentar Fagforbundet: dersom politikerane treff vedtak om andre innsparingstiltak, vil dette medføra at tilsette ikkje får medverka til denne beslutningen på ein slik måte som ein bør.

Kommentar Delta: det er vanskeleg å trekkja fram noko føre noko anna når vi diskuterer økonomiplanen. Omsorg jobber godt, men ting tar tid. Vi har vedtatt gode planer, men vi trenger å få implementert disse. Det er viktig å jobbe godt og grundig med heiltid. Dette arbeidet bør koordinerast frå overordna nivå. I forhold til stabane bør me gjera gode analyser knytta til kva for nivå me kan klara oss på; me må nå settja begrensingar på tenesteleveranse som konsekvens av tidlegare nedskjæringar. Delta håper det er teke høgde for at effektiviseringsgevinstane kjem seinare enn ein trur. Delta er bekymra over at stabene «står i spagaten».

Hovudverneombud: Økonomien har ikkje betra seg tross mange og store omstillingar. Eg er bekymra for om me sparer på feil stader; oppfordrar til at me må finna innsparringstiltaka saman. Arbeidsoppgåvene endrar seg, men blir ikkje færre. Tidspresset og arbeidsmengda for dei tilsette er uforandra.

Svar organisasjonssjef: Her er ingen enkle svar. Tidligare økonomiplanar var utarbeidde i heilt andre tider; kor det å handtere vekst var den største utfordringen. Nå er situasjonen heilt forandra. Det vil vera tungt fram til me får henta ut gevinstrealisering av digitaliseringa.

AMU-033/19 Vedtak:

Årsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 vert tatt til orientering.

Senior- og Brukarrådet

Forslag frå **Sissel Løchen, FUN:**

Opne barnehagar er eit viktig og verdifullt tiltak for familier som har barn med sterke funksjonsnedsettingar som ikkje kan benytta seg av vanleg barnehagetilbod. Dette tilbodet er også positivt for familiar med innvandrarbakgrunn. Senior og brukarrådet ber om at dette tilbodet vert oppretthaldt.

Årsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 vert tatt til orientering.

Forslag frå **Endre Refsnes, PÅR:** Senior og brukarrådet er bekymra for at det høge sjukefråværet i omsorg medfører dårlegare kvalitet på tenestane.

Forslaget frå Sissel Løchen vart samrøystes vedtatt.

Forslaget frå Endre Refsnes vart samrøystes vedtatt.

SBR-046/19 Vedtak:

- 1. Opne barnehagar er eit viktig og verdifullt tiltak for familier som gar barn med sterke funksjonsnedsettingar som ikkje kan benytta seg av vanleg barnehagetilbod. Dette tilbodet er også positivt for familiar med innvandrarbakgrunn. Senior og brukarrådet ber om at dette tilbodet vert oppretthaldt.*
- 2. Senior og brukarrådet er bekymra for at det høge sykefråværet i omsorg medfører dårlegare kvalitet på tenestane.*
- 3. Årsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 vert tatt til orientering.*

Administrasjonsutvalet

Framlegget vart samrøystes vedtatt.

ADU-012/19 Vedtak:

Årsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 vert tatt til orientering.

Utval for levekår

Protokolltilførsel frå **Lars Enevoldsen (Uavh): Nye pkt.:**

Det skal være en egen sak på om Legevakt skal flyttes fra Klepp til Sandnes

Det bestemmes ikke hvilken barnehage som skal legges ned før barnehage
bruksplan er ferdig våren 2020.

Protokolltilførsel blei samrøystes vedtatt.

Framlegget vart samrøystes vedtatt.

ULE-016/19 Framlegg:

Årsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 vert tatt til orientering.

Utval for lokal utvikling

Forslag frå **Kjell Olav Stangeland (Ap)**

Årsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 tas til orientering.

Forslaget frå Kjell Olav Stangeland vart samrøystes vedtatt.

ULK-013/19 Framlegg:

Årsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 tas til orientering.

Time formannskap

Fellesforslag frå **H, KrF, Sp, V og MdG v/Sverre Risa (KrF)** Timeplan 2020-2023 blir
vedtatt med desse endringane:

- 1: Punkt 8 i rådmannen sitt forslag til vedtak vert stroke.
- 2: Transporten av elevar i Undheimskretsen skal vera så tidseffektiv som mogleg.
- 3: Nyland barnehage blir midlertidig steng frå hausten 2020, i staden for Lyefjell
barnehage.
- 4: Brynelunden opne barnehage blir flytta til kommunalt bygg, og med redusert
bemanning til 1,1 stilling frå hausten 2020.
- 5: Bygdamuseumet held fram som i dag.
- 6: Forskottering av spelemiddel held fram som i dag.
- 7: Symjehall blir utsett til 2023, men kan sjåast på i samanheng med bygging av ny
idrettshall.
- 8: Gågata blir utsett til 2023.
- 9 : Innkjøp av nye møbler og inventar i kommunestyresalen og formannskapssalen
blir stroke.
- 10: Avsette midler til Austbø barnehage blir satt på vent til etter
barnehagebruksplanen.
- 11: Vi ønskjer at rådmannen skal sjå på leiar- og mellomleiarnivå i alle einingar før
neste års budsjett.
- 12: Gartnerstilling blir ikkje prioritert i årets budsjett.
- 13: det blir tatt 250 000 av lønnsreserve
- 14: Formannskapsturen blir avlyst.
- 15: Fritidsklubbane reduserer med 200 000 kroner, og ikkje 250 000.
- 16: Bilparken i Time skal hovudsakleg gå over til nullutsleppkøretøy

Forslag frå Jone Edland (AP)

Time Arbeiderparti fremmer følgjande forslag til alternativ økonomiplan i Time
kommune 2020-2023:

- Me vil bevare Bygdemuseumet:100000 kr. Under føresetnad av at det
blir bevilga 50000 kr. til Time historielag til drift av museum.
- Me vil oppretthalda tilbodet Bryne opne barnehage500000 kr. Under føresetnad at

tilbudet blir redusert frå 4 til 3 dagar, og at det blir redusert frå 2 til 1 årsverk, frå og med hausten 2020.

- Me vil behalda dagens legevaktordning:1000000 kr. Me kan ikkje sjå at det å flytta legevakt vil være det beste for innbyggjara verken i Klepp Eller Time kommune.
- Me vil behalda dagens tilskuddsordning for private anlegg og kulturhus. Dette vil skapa både tryggleik og forutsigbarheit for dei aktørane det gjeld. Men også meir økonomisk ansvar på politikarar.
- Me vil innvilga søknaden frå Unge Spor, tildeles 3 mill. over 3 år. Dette medfører 500000 kr. Ekstra i 2020 frå disposisjonsfond. Det er særdeles viktig at hele millionen går til Ungen spor. (Er satt av 500000 kr. Fra før i rådmannens sitt forslag). Me æ øvebeviste om at me treng kulturbanken.
- Me vil gje muligheit for å søkja 50% reduksjon på Kulturskulen etter same kriterier som SFO, dette vil kosta ca. 20000 kr.
- Me vil arbeida for å innføra søsken moderasjon på SFO i løpet av perioden 2020-2023. I første omgang vil dette gjelde første og andre klassingar. Dette vil me dekke med inntekter frå eigedomsskatt.
- Me vi ta ut barnetrygd som berekningsgrunnlag frå utrekning av sosialstønad i løpet av perioden 2020-2023. Dette finansieras med midlar frå eigedomsskatt.
- Me vil ikkje kutta i løyvingar til Kultur og fritidsaktivitetane med 250000 kr. Me vil oppretthalda tilbudet på fritidsklubbane i kommunen som Planeten fritidsklubb og Mekkeklubben på Lye. Den jobben som blir utfør her er utrolig viktig og må bevaras.

Me vil kutta i følgjande:

- 1 stilling park og grønt anlegg 350000 kr. i 2020 og 700000 kr. i 2021.
- Bysyklar 120000 kr.
- Folkevalgtopplæring studietur 100000 kr.
- Utsetta kulturminneplan frå 2020/21 til 2021/22100000 kr.
Me anslår at skatteinntekter vil liggja på 1.2 mill. kr meir en anslag frå rådmann.

Forslag frå Bjarne Undheim (Sp)

Auka bevilgning i driftsbudsjett	(tusen kr)	Økonomiplanen
Undheim Skule - oppretthalde ungdomstrinn	1 200	
Time Bygdemuseum	100	S. 57
Legevakt m/Klepp	1 000	s. 45
Fotballhall - Undheim - kommunal andel 2020	100	s. 82
Sum	2 400	

Inndekning	(tusen kr)	Økonomiplanen
Kutt miljørådgiver - utvidelse vakant stilling i 2020	-900	s. 56
Styrking av park og grønt frå medio 2020	-450	s. 56
Folkevalgt opplæring og studietur	-250	s. 61
Kutt i politikarlønn	-400	
Effektivisering av administrasjon i stab - min 1 årsverk	-900	s. 62
Sum	-2 900	

Dette forslaget medfører at netto driftsresultat budsjetteres positivt (0,4 mill kroner)

(Rådmannens forslag er -0,1 mill kroner i netto driftsresultat i 2020 s. 16)

Forslag frå **Ingrid Fiskaa (SV)**

Timeplan 2020-2023: SVs alternative budsjett 2020
Endringar samanlikna med rådmannens forslag.

Oppvekst

Barnehagar

Lyefjell barnehage er ein veldriven og populær barnehage. Nærbarnehagar er viktige for lokalmiljøet, og reduserer transportbehovet. Lyefjell barnehage blir vidareført som i dag.

Brynelunden opne barnehage er eit viktig tilbod for foreldre og ungar, og særleg for dei som ikkje har eit nettverk i kommunen frå før. Den opne barnehagen blir vidareført, men med redusert bemanning frå 1. august 2020. Kommunen går i dialog med Frelsesarmeen med sikte på å få ein ny leigeavtale der.

Skule

Færre enn halvparten av elevane på 1. -4. trinn deltar på SFO, og deltakinga har gått ned dei siste åra. Høg pris er ei av årsakene til dette. Prisen på SFO skal settast ned, og første steg er å innføra 30% søskenmoderasjon i 2020.

Kommunen skal greia ut kva det vil kosta med søskenmoderasjon for familiar med barn både på SFO og i barnehage, med sikte på innføring frå 2021.

Ungdomstrinnet på Undheim skule er viktig både for elevane og bygda. Lang reiseveg på buss er uheldig i eit folkehelse-perspektiv. Ungdomstrinnet blir vidareført som i dag.

Kulturskulen skal vera tilgjengeleg for alle. Reduksjonen i ramma for kulturskulen frå revidert budsjett 2019 blir ikkje vidareført, slik at kontingenten/foreldrebetalinga ikkje blir auka ut over prisstinginga.

Det store fleirtalet av elevar i Time er nynorskelevar, men mange av dei digitale læremidla og hjelpemidla i skulen finst ikkje på nynorsk i dag. Kommunen skal, gjerne i samarbeid med dei andre kommunane i Jærskulen, sjå til at alle læremiddel blir gjort tilgjengeleg på nynorsk. Dette skal vera eit krav for at digitale læremiddel blir tatt i bruk i Time.

Omsorg

Heiltid

Kommunen styrkar arbeidet for heile stillingar og auka grunnbemanning. Det blir valt ut ein institusjon/arbeidsstad/avdeling for ei omorganisering der ein tar av det totale vikarbudsjetten i avdelinga til å auka stillingane til dei fast tilsette, og eventuelt opprettar ein vikarpool. Målet er dels å få større stillingar, og dels å dempa belastninga på dei tilsette, slik at dei klarer å stå lengre i arbeid. For brukarane vil dette bety færre tilsette å forholde seg til. For avdelinga blir drifta meir føreseieleg, og det blir mindre administrativ tid til innleige. Val av arbeidsstad blir gjort etter drøfting med dei tillitsvalde og prosjektet blir utført som eit trepartssamarbeid.

Samfunn

Barnetrygd til alle

Alle familiar skal få barnetrygd, også dei som mottar sosialhjelp. Time kommune avsluttar praksisen med å rekna barnetrygda som del av inntektsgrunnlaget ved utrekning av sosialhjelp.

Legevakt

Den felles legevaktordninga med Klepp kommune sikrar kort veg ved utrykning, at terskelen ikkje er for høg for å oppsøka legevakt, og eit fagleg godt tilbod for innbyggjarane. Samarbeidet med Klepp blir vidareført som idag.

Kollektivt reisetilbod

Busstilbodet til og frå Lye er i dag for dårleg til at folk kan velja buss framfor bilen til mange daglege gjeremål. Kommunen går inn i eit samarbeid med Kolumbus for å betra busstilbodet mellom Lye og Bryne, i tråd med det forslaget som ligg føre.

Også kollektivtilbodet til og frå Kvernaland skal betrast. Kommunen tar initiativ til eit samarbeid med Kolumbus om busstilbodet til og frå Kvernaland, liknande det forslaget som finst for Lye.

Kultur

Løyvinga til kultur- og fritidsaktivitetar blir oppretthalde på dagens nivå.

Time bygdemuseum er eit unikt museum som fortel historia vår for noverande og komande generasjonar. Kommunen vidarefører leigeavtalen med Undheim samfunnshus, og inngår ein avtale med Time historielag om formidling.

Time bibliotek er ei kjelde til opplysning og kunnskap, og er ein møtestad som er tilgjengeleg for alle innbyggjarar. I 2018-budsjettet vart det kutta ei 40% stilling, som gjorde at opningstida måtte reduserast. Kommunen aukar løyvinga til biblioteket, med mål om å utvida den bemanna opningstida igjen.

Stab

Politiske organ

Utgiftene til folkevaltopplæring reduserast med utgifter tilsvarande den planlagte studieturen for formannskapet.

Lønna (honorara) til dei folkevalde er i dag langt høgare enn vanlege arbeidsinntekter. Politikarlønnene og tilhøyrande arbeidsgjevaravgift blir sett ned med 20% for alle.

Næring

Stillinga som næringssjef blir avvikla. Tre månaders oppseiingstid trer i kraft med verknad 1. januar 2020.

Medlemskapet i Greater Stavanger blir sagt opp.

Økonomi

Eigedomsskatt

Det blir innført eigedomsskatt på bustader og næringseigedomar med verknad frå 1. juli 2020. For bustader blir formuestaksten i skattelikninga brukt for fastsetting av takst, med eit botnfrådrag på 500 000 kr. Kostnader til innføring og drift er som i rådmannens forslag for 2021.

Parkering og elsyklar

Som eit miljø- og folkehelseiltak blir det sett av 450 000 kr til å subsidiera elsyklar for dei kommunalt tilsette. Utgifta blir dekt inn ved å dobla prisen på årskort på parkering for dei tilsette.

Dei generelle parkeringsavgiftene i kommunen blir auka med 25%.

Stryka kommuneøkonomi/reduert lånefinansiering

Driftsresultatet blir styrka med 600 000 kr, som blir brukt til å styrka kommunen si økonomiske bereevne. Dette gjer me ved å auka driftsfinansieringa av investeringane

og på den måten redusera lånefinansieringa og styrka disposisjonsfondet.
I tusen kroner samanlikna med rådmannens forslag.

	Auka utgifter	
Endring	Lyefjell barnehage	1200
Endring	Brynelunden opne barnehage	1400
Nytt	30% søskenmoderasjon i SFO	250
Endring	Ungdomstrinnet på Undheim	1800
Endring	Kulturskulen	200
Nytt	Barnetrygd til alle	2000
Endring	Legevaktsamarbeid med Klepp	1000
Nytt	Betre busstilbod til Lye	400
Nytt	Betre busstilbod til Kvernaland	400
Endring	Kultur- og fritidsaktivitetar	250
Endring	Time bygdemuseum	100
Endring	Time bibliotek	400
Nytt	Elsyklar til kommunalt tilsette	450
Sum		9850
	Auka inntekter/reduuerte kostnader	
Endring	Reduksjon folkevaltopplæring (studietur)	100
Endring	Reduksjon politikarlønner	925
Endring	Reduksjon næringssjef	950
Endring	Reduksjon Greater Stavanger	675
Nytt	Eigedomsskatt frå 1. juli 2020	7000
Endring	Årskort på parkering, offentleg tilsette	450
Endring	Parkeringsavgifter	350
Sum		10450
	Auka overskot	600

Avrøysting:

Forslaget frå Ingrid Fiskaa fekk 1 røyst og falt.

Forslaget frå Jone Edland fekk 1 røyst og falt.

Forslaget frå Bjarne Undheim fekk 2 røyster og falt:

Fellesforslag frå Sverre Risa vart vedtatt med 5 mot 4 røyster (Ap, Sv, 2 Sp).

FSK-097/19 Framlegg:

1. *Kommunestyret godkjenner framlegg til årsbudsjett for 2020 og økonomiplan for 2020-2023 med endringar:*

Økonomiske konsekvensar av budsjettforlik

Nye driftstiltak (1000 kr)	2020
Open barnehage	400
Forskottering av spelemidler	150
Bygdamuseet på Undheim	50
Fritidsklubbar	50
Symjehall	
Sum	650
Inndekning drift	2020
Gartner	- 300
Formannskapstur	- 100
Lønnsreserve	- 250
Sum	- 650

Endring i investeringsbudsjett 2020-2023				
tal i 1000 kr	2020	2021	2022	2023
3801 Symjehall		- 40 000	- 99 000	40 000
3801 Symjehall - spelemidler				10 000
5665 Storgata- gågate			- 20 000	20 000
1107 Politiske rom, kultureining og Innbyggjarservice, Rådhuset	- 1 200			
Overført frå drift		525	- 2 450	- 4 225
Låneopptak	1 200	39 475	121 450	- 65 775
Sum endring	0	0	0	0

2. *Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjetttrammer for netto driftsutgifter per tenestegruppe og investeringsbudsjettet i 2020.*
3. *Skatt på inntekt og formue vert sett i samsvar med det høgste skatteøyret som Stortinget vedtek.*
4. *Kommunestyret godkjenner framlegg til ny stillingsramme:*

Time kommune	31.12.2019	Nye	Redusert	31.12.2020
Oppvekst	569,9	7,3	-15,6	561,6
Omsorg	388,2	15,2	-6,0	397,4
Samfunn	176,2	2,0	-12,1	166,1
Stabstenester	63,4	0,6	-10,0	54,0
Arsverk i alt	1 197,7	25,1	-43,7	1 179,1

5. *Kommunestyret godkjenner framlegg til gebyrsatsar og satsar for brukarbetaling som kjem fram av vedlegget «Prisar 2020».*
6. a) *Kommunestyret godkjenner at det vert tatt opp lån på 138,2 millionar kroner i 2020. Avdragstida vert sett til 30 år.*

- b) Rådmannen får fullmakt til å ta opp startlån i Den Norske Stats Husbank til vidare utlån innanfor ei ramme på 25 millionar kroner for 2020. Lånet skal betalast tilbake over 30 år etter gjeldande vilkår.
7. a) Premieavviket for kommunen sine pensjonsordningar i 2020 vert sett av til disposisjonsfond.
- b) Amortisert premieavvik for 2019 vert utgiftsført i 2020 og dekt av disposisjonsfondet.
8. Time kommune skal stå fram som ein trygg og framtidsretta kommune. Service, innovasjon og engasjement skal prega organisasjonen slik at kommunen kan tilby tenester med rett kvalitet innanfor trygge økonomiske rammer.
9. Transporten av elevar i Undheimskretsen skal vera så tidseffektiv som mogleg.
10. Nyland barnehage blir midlertidig stengt frå hausten 2020, i staden for Lyefjell barnehage.
11. Avsette midlar til Austbø barnehage blir satt på vent til etter barnehagebruksplanen.
12. Vi ønskjer at rådmannen skal sjå på leiar og mellomleiarnivå i alle einingar før neste års budsjett.
13. Bilparken i Time skal hovudsakleg gå over til nullutsleppkøretøy.

Time kommunestyre

Fellesforslag frå H, KrF, Sp, V og MdG v/Andreas Vollsund (H)

Innstillingen fra formannskapet, med 2 nye punkt, pkt. 14 og 15.

- utrekning av barnetrygd skal ikkje reknast med i utrekningslaget for sosialstønad. 50 % frå 2022. 100% frå 2023
- Grunna eitt års oppseiingstid blir saka om legevakt utsett. Dette vil bli behandla som eigen sak i kommunestyret så snart som mogleg

Fellesforslag frå Sp, Ap og Sv v/Ingrid Fiskaa (SV) Framlegg til endringar i budsjett for 2020.

I tusen kroner samanlikna med rådmannen si innstilling.

Driftsbudsjettet

Auka utgifter

Ungdomstrinnet på Undheim	1 800
Time bygdemuseum	100
Brynelunden opne barnehage. Redusert opningstid frå 4 til 3 dagar og redusert med ei stilling frå 1. august	500
Fritidklubbar (kultur- og fritidsaktivitetar)	250
Tilskot til Unge Spor	500
Kulturskolen: 50% reduksjon for	20

låginntektsfamiljar som på SFO	
Sum	3 170

Reduserte utgifter

Stilling park og grønt	300
Studietur for formannskapet	100
17% kutt i politikarløner	790
Bysyklar	120
Utsetja kulturminneplan med eitt år	100
Venta med å tilsetja ny sjef for barn og unge (vakant stilling i eitt år)	1 000
Dobbel pris på årskort, parkering for tilsette	450
25% auka parkeringsavgifter	350
Sum	3 210

Endring i investeringsbudsjettet: Kutta prosjektnr 1107 Politiske rom, kultureining og innbyggarservice med 1 200 000 kr.

Bilparken i Time skal hovudsakleg gå over til nullutsleppskøyretøy

Time seier opp medlemskapet i Greater Stavanger, og sparar 675 000 kr årleg med budsjettverknad frå 2021.

Tekstforslag frå **Ingrid Fiskaa (SV)**

1. Det store fleirtalet av elevar i Time er nynorskelevar, men mange av dei digitale læremidla og hjelpemidla i skulen finst ikkje på nynorsk i dag. Kommunen skal, gjerne i samarbeid med dei andre kommunane i Jærskulen, sjå til at alle læremiddel blir gjort tilgjengeleg på nynorsk. Dette skal vera eit krav for at digitale læremiddel blir tatt i bruk i Time.
2. Kommunen styrkar arbeidet for heile stillingar og auka grunnbemanning. Det blir valt ut ein institusjon/arbeidsstad/avdeling for ei omorganisering der ein tar av det totale vikarbudsjetten i avdelinga til å auka stillingane til dei fast tilsette, og eventuelt opprettar ein vikarpool. Målet er dels å få større stillingar, og dels å dempa belastninga på dei tilsette, slik at dei klarer å stå lengre i arbeid. For brukarane vil dette bety færre tilsette å forholde seg til. For avdelinga blir drifta meir føreseieleg, og det blir mindre administrativ tid til innleige. Val av arbeidsstad blir gjort etter drøfting med dei tillitsvalde og prosjektet blir utført som eit trepartssamarbeid.
3. Kommunen skal greia ut kva det vil kosta med søskenmoderasjon for familiar med barn både på SFO og i barnehage, med sikte på innføring frå 2021.

Protokolltilførsel frå **Lars Enevoldsen (Ap)**

Sterkt bekymret for at en vedtar et budsjett som ikke tar inn over seg de økonomiske nøkkeltall som kommunestyre har vedtatt i 2019.

Avrøysting:

Framlegget frå FSK med 2 tilleggspkt frå Andreas Vollsund vart vedtatt med 14 røyster medan 13 røysta for Ingrid Fiskaa sitt forslag (3 Ap, 5 Sp, 2 Sv, 2 Uavh. 1 H).

Pkt. 1: Forslaget frå Ingrid Fiskaa vart vedtatt med 14 mot 13 røyster (3 Ap, 2 Sv, 5 Sp, MdG, V, FrP, 1 Uavh).

Pkt. 2: Forslaget frå Ingrid Fiskaa fekk 12 røyster og falt (3 Ap, 2 Sv, 5 Sp, 2 Uavh).

Pkt. 3: Forslag frå Ingrid Fiskaa fekk 7 røyster og falt (3 Ap, 2 Sv, 2 Uavh).

KS-085/19 Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner framlegg til årsbudsjett for 2020 og økonomiplan for 2020-2023 med endringar:

Økonomiske konsekvensar av budsjettforlik

Nye driftstiltak (1000 kr)	2020
Open barnehage	400
Forskottering av spelemidlar	150
Bygdamuseet på Undheim	50
Fritidsklubbar	50
Symjehall	
Sum	650
Inndekning drift	2020
Gartner	- 300
Formannskapstur	- 100
Lønnsreserve	- 250
Sum	- 650

Endring i investeringsbudsjett 2020-2023				
tal i 1000 kr	2020	2021	2022	2023
3801 Symjehall		- 40 000	- 99 000	40 000
3801 Symjehall - spelemidlar				10 000
5665 Storgata- gågate			- 20 000	20 000
1107 Politiske rom, kultureining og Innbyggarservice, Rådhuset	- 1 200			
Overført frå drift		525	- 2 450	- 4 225
Låneopptak	1 200	39 475	121 450	- 65 775
Sum endring	0	0	0	0

2. Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjetttrammer for netto driftsutgifter per tenestegruppe og investeringsbudsjettet i 2020.
3. Skatt på inntekt og formue vert sett i samsvar med det høgste skatteøyret som Stortinget vedtek.
4. Kommunestyret godkjenner framlegg til ny stillingsramme:

Time kommune	31.12.2019	Nye	Redusert	31.12.2020
Oppvekst	569,9	7,3	-15,6	561,6
Omsorg	388,2	15,2	-6,0	397,4
Samfunn	176,2	2,0	-12,1	166,1
Stabstener	63,4	0,6	-10,0	54,0
Arsverk i alt	1 197,7	25,1	-43,7	1 179,1

5. *Kommunestyret godkjenner framlegg til gebyrsatsar og satsar for brukarbetaling som kjem fram av vedlegget «Prisar 2020».*
6. a) *Kommunestyret godkjenner at det vert tatt opp lån på 138,2 millionar kroner i 2020. Avdragstida vert sett til 30 år.*
b) *Rådmannen får fullmakt til å ta opp startlån i Den Norske Stats Husbank til vidare utlån innanfor ei ramme på 25 millionar kroner for 2020. Lånet skal betalast tilbake over 30 år etter gjeldande vilkår.*
7. a) *Premieavviket for kommunen sine pensjonsordningar i 2020 vert sett av til disposisjonsfond.*
b) *Amortisert premieavvik for 2019 vert utgiftsført i 2020 og dekt av disposisjonsfondet.*
8. *Time kommune skal stå fram som ein trygg og framtidseretta kommune. Service, innovasjon og engasjement skal prega organisasjonen slik at kommunen kan tilby tenester med rett kvalitet innanfor trygge økonomiske rammer.*
9. *Transporten av elevar i Undheimskretsen skal vera så tidseffektiv som mogleg.*
10. *Nyland barnehage blir midlertidig stengt frå hausten 2020, i staden for Lyefjell barnehage.*
11. *Avsette midlar til Austbø barnehage blir satt på vent til etter barnehagebruksplanen.*
12. *Vi ønskjer at rådmannen skal sjå på leiar og mellomleiarnivå i alle einingar før neste års budsjett.*
13. *Bilparken i Time skal hovudsakleg gå over til nullutsleppkøyretøy.*
14. *Utrekning av barnetrygd skal ikkje reknast med i utrekningslaget for sosialstønad. 50 % frå 2022. 100% frå 2023.*
15. *Grunna eitt års oppseiingstid blir saka om legevakt utsett. Dette vil bli behandla som eigen sak i kommunestyret så snart som mogleg.*
16. *Det store fleirtalet av elevar i Time er nynorskelevar, men mange av dei digitale læremidla og hjelpemidla i skulen finst ikkje på nynorsk i dag. Kommunen skal, gjerne i samarbeid med dei andre kommunane i Jærskulen, sjå til at alle læremiddel blir gjort tilgjengeleg på nynorsk. Dette skal vera eit krav for at digitale læremiddel blir tatt i bruk i Time.*

ÅRSBUDSJETT 2020 OG ØKONOMIPLAN 2020-2023

SAKA GJELD

Rådmannen legg med dette fram forslag til årsbudsjett for 2020 og økonomiplan for perioden 2020-2023 til politisk behandling.

Inntekts- og utgiftsrammene fastsatt i årsbudsjettet for 2020 er bindande for ressursbruken i kommunen. Rammene i økonomiplanperioden er rettleiande for den komande planlegginga.

Tiltak for 2020 er bindande slik dei kjem fram i tekstdelen, og dei skal følgjast opp av administrasjonen når økonomiplanen er vedtatt.

SAKSOPPLYSNINGAR

Økonomiplanen er det viktigaste økonomistyringsverktøyet som dei folkevalde har. Innanfor bestemte rammevilkår skal vedtatt økonomiplan gi uttrykk for dei politiske prioriteringane som administrasjonen skal følgja opp.

Økonomiplanen er handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel for 2015-2027. Økonomiplanen viser korleis kommunen vil følgja opp dei sju satsingsområda i dei kommande fire åra.

Økonomiplanen inneheld i år ikkje eit eige kapittel om omstilling og digitalisering. Årsaka til dette er at tematikken i meir eller mindre gjennomsyrrar tenesteområda sine kapitlar og at ein ikkje ser det som nødvendig å skriva det same to gonger.

I økonomiplanen er det lagt vekt på at tiltak for 2020 skal vera utforma slik at måloppnåing kan evaluerast i tertialrapportar og årsrapporten. Plandokumentet skal òg gje innsikt i kva grad politiske vedtak og prioriterte planvedtak vert følgde opp i denne økonomiplanen.

I kapittel 8 går det fram kva brukarundersøkingar som er planlagt gjennomført den kommande fireårsperioden og kva interkommunale samarbeid som Time deltek i. Oversikt over progresjon i forhold til planstrategi vil koma i årsrapporten.

Dei handlingsplanane som kommunestyret må vedta for at administrasjonen skal kunna søkja om tilskot, inngår som delplanar i kapittel 7.3 og 7.4.

Satsar for brukarbetaling og gebyr er samla i vedlegget «Prisar 2020».

Som vedlegg følgjer òg vedtaket i kontrollutvalet den 02.09.2019 som gjeld budsjett for kontroll og tilsyn 2020, innspel til økonomiplanen frå Time kyrkjelege fellelsråd samt uttale frå Time idrettsråd.

Rådmannen vonar at Timeplanen for 2020-2023 vil gje eit godt grunnlag for politiske

prioriteringar og retningsval.

Rådmannen i Time, den 29.10.2019

Trygve Apeland

Vedlegg:

Timeplan 2020-2023

Prisar 2020

Kontrollutvalet sitt budsjettforslag for kontroll og tilsyn 2020

Time kyrkjelege fellesråd sitt innspel til økonomiplan 2020-2023

Svar på spørsmål knytt til økonomiplan 2020 - 2023

Uttale til økonomiplanen frå idrettsrådet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur

